



Mannsgruppa Bakmennene framførte Åndeleg sjømannssong av Jakob Sande.

Førpåskekonserten Soli Deo Gloria samla bra med folk i kyrkja i går kveld. I ein uformell stil gjennomførte Eva Megyesi enno ein gong ein konsert med stram regi og stor variasjon. Barnekoret Tårnagentane syng godt, er frimodige og formidlar teksten på ein uttrykksfull måte. Nytt og uventa var debuten til manssgruppa Bakmennene.



Jentene i Tårnagentkoret var kjempefinke!

Tårnagentkoret er for born frå 1. klasse og oppover. Dei song tilsaman 6 songar med tonefylgje på piano av Eva Megyesi og med teksthjelp av Nelly Kjærland. Med så mange songar og så mykje tekst, skal det godt gjerast å hugsa alt i rett rekkjefylgje. Tårnagentkoret er i god utvikling og vi gler oss til å få høyra meir frå dei.

Kyrjekoret Nordsaang var ikkje fulltalige i går. Likevel kom koret bra frå oppgåva med framføring av tilsaman fire salmar, alle henta frå Norsk salmebok. Opningssalmen var Eg er ein gjest i verda, omsett frå svensk til nynorsk av Tormod Vågen, fødd i Uskedalen 1903, generalsekretær i Misjonssambandet og forfattar.

Men før det debuterte mannsgruppa Bakmennene med Åndeleg sjømannssong av Jakob Sande, henta frå den siste diktsamlinga Sande gav ut, Det kveldar på Kobbeskjer i 1961. Bakmennene fekk fagnad for framføringa og mange har store forventningar til kva gruppa vil framføra i åra framover.

Tore Mathisen rigga og stod for god lyd.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Torild Hjelmeland/ Thor Inge Døsland



Eva hadde som vanleg god regi og framførte Bach, Vivaldi og Buxtehude på orgel.